



J. H. Nævdal Bygg AS  
Leirvikåsen 41A  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/800 - 16/7783

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
20.04.2016

## Godkjenning - GBNR 23/296 - Løyve til oppføring av påbygg til Danielsen ungdomsskule på Frekhaug

**Administrativt vedtak. Saknr: 101/2016**

**Tiltakshavar:** Danielsen ungdomsskole Frekhaug  
**Ansvarleg søker:** J.H. Nævdal Bygg AS, org.nr 952 971 352  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Omsøkt tiltak:

Ved søknad journalført 16.3.2016 har Danielsen ungdomsskole Frekhaug søkt om løyve til oppføring av påbygg til det mellombels godkjente skulebygget (modulbygg) på gbnr 23/296 i Meland kommune. Påbygget er omsøkt med ein storleik 90 m<sup>2</sup> BRA. For skildring av tiltaket elles vert det vist til søknaden med vedlegg.

Eksisterande skulebygg er godkjent fram til 31.8.2017, jf delegert vedtak i sak 229/2014. Vidare blir det vist til dispensasjon gitt av Utval for drift og utvikling i UDU-sak 042/12. Det ligg føre godkjenning på vilkår frå Arbeidstilsynet, som tiltakshavar er ansvarleg for å stette.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket ble nabovarsla 3.3.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader til gjennomført varsling.

### Lov- og plangrunnlag:

Omsøkte tiltak blir plassert i eit område som i *Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest* (arealplanID 125619951011) er avsett til allmennytige formål/bedehus (byggjeområde A2), jf. plankart og planføresegn § 2 andre ledd. I tillegg inneholder planen ei rekke fellesføresegner om m.a. utforming av byggjetiltak innanfor planområdet.

Gjennom ovannemnde dispensasjonshandsaming blir tiltaket vurdert å vere avklart i høve til plangrunnlag og estetikk, jf vedtak i UDU-sak 042/12, slik at det ikkje er trong for ny dispensasjonsbehandling.

Ny reguleringsplan for området er under utarbeiding, og administrasjonen forventar at denne blir vedteke inneverande år.

### Plassering, høgde, utnyttingsgrad, parkering og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 15.2.2016. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden med vedlagt dokumentasjon, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand frå nabogrense.

Når det gjeld krav til utomhusareal, parkeringsdekning og tilknyting til infrastruktur, blir desse tilhøva ikkje påvirka gjennom omsøkt tiltak.

### Utforming, planløysing, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløysing og utsjånad og vert elles vurdert til å vere i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf vedlagte plan- og fasadeteikningar journalført motteke 16.3.2016. Det blir vist til dispensasjonsvedtaka nemnd ovanfor.

### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltakklassifisering i saka går fram av erklæringer om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 16.03.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innstår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, jf § 20-4, løyve til oppføring av påbygg til Danielsen ungdomsskule gnr 23/296, jf søknad journalført 16.3.2016.

Plassering og utforming av påbygget skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og plan- og fasadeteikningar journalført motteke 16.3.2016. Minstegrensa på 4 meter frå nabogrense er absolutt dersom anna ikkje følgjer av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dispensasjonen i UDU-sak 042/12 gjeld fram til 31.8.2017. Innan utgongen av denne fristen skal modulbygget vere fjerna i samsvar med søknad som skal godkjennast forut for riving.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Ramirent Skole etter påbygg

**Kopi til:**

Danielsen ungdomsskole Frekhaug  
Holtermandsvegen 5918  
2 A

FREKHAUG

**Mottakere:**

J. H. Nævdal Bygg AS  
Leirvikåsen 41A  
5179

GODVIK